



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
15/210623-10

Dykkar referanse:
15/1715 - 17/4814

Vår dato:
31.03.2017

Klage på kommunalt vedtak om dispensasjon frå plankrav for frådelling og oppføring av bustad på Vikebø – gnr. 45 bnr. 130 – Meland kommune

Vi viser til oversendt vedtak om dispensasjon frå plankrav for frådelling og bustadbygging på eigedom gnr. 45 bnr. 130 i Meland kommune, UDU-sak 19/2017. Statens vegvesen har vurdert vedtaket, og vil klage på vilkåra som er sett for dispensasjonen.

Bakgrunn

I Statens vegvesen sine uttaler i saka, datert 21.12.2015 og 03.10.2016, har vi lagt vekt på to hovudpunkt:

1. Ein bør sjå tilkomst og trafikkløysingar for heile område B_13 samla før ein vurderer tiltak i området. Dette for å sikre tilhøva for mjuke trafikantar, og at området har ein trygg tilkopling til overordna vegnett.
2. Dagens avkjørsle frå fv. 564 må stengast, i tråd med gjeldande reguleringsplan for Bergotunet, planID 125620110002, før det vert gitt løyve til tiltak etter pbl. §§ 20-1 og 20-2 i område B_13.

Statens vegvesen har difor rådd ifrå å gje dispensasjon i denne saka.

Administrasjonen i Meland kommune avslø dispensasjonen i vedtak datert 15.08.2016.

Vedtaket vart påklaga av Seim & Tjore Bustad A/S, som representerer grunneigarane Kjell og Unni Steen. I klagen vert det vist til at topografi og bustadtettleiken i området ikkje legg til rette for fleire bustader i denne delen av område B_13 i kommuneplanen. Resten av området B_13 vil måtte få ei anna vegtilkomst. Vidare hevdar søkjar at Statens vegvesen ikkje hadde oppfatta at tiltakshavar søkte om avkjørsle til Skintveitvegen, ikkje til fv. 564.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dispensasjon på vilkår

Utval for drift og utvikling (UDU) tok klagen til følge i møte den 07.03.2016, på bakgrunn av opplysningane i klagen og etter synfaring. UDU fann at vilkåra for å gi dispensasjon var oppfylt, og at dispensasjonen ikkje kjem i vesentleg strid med omsyna bak regelverket.

UDU gav dispensasjon frå plankrav for eigedom gnr. 45 bnr. 130, på følgjande vilkår:

- «Avkøyring frå fylkesveg 564 vert fysisk avstengt slik Statens vegvesen krev og avkøyring mot Skintveitvegen vert nytta.
- Søknad om tiltak kan ikkje gjennomførast før det er gitt løyve etter Plan- og bygninglova kap. 20.»

Statens vegvesen fekk melding om vedtaket 10.03.2017.

Grunngjeving for klage

Statens vegvesen forvaltar fylkesvegnettet på vegne av Hordaland fylkeskommune. Etter vår vurdering er ikkje punkta i Statens vegvesens uttale tilstrekkeleg ivareteke i kommunens vedtak.

Når det gjeld dispensasjon frå plankrav, kan vi akseptere grunngjevinga i klagen om at topografi og bustadtettleik skil denne delen av B_13 frå resten av området. Denne saka bør difor ikkje få presedens for handsaming av saker i andre delar av område B_13.

Når det gjeld kravet om stenging av avkøyrsla viser vi til vår uttale datert 03.10.2016, om reell tilkomst til bustadområdet. Statens vegvesen er positiv til at UDU krev stenging av den direkte tilkomsten frå fv. 564, men vedtaket er etter vårt syn ikkje tydeleg når det gjeld korleis stenginga skal utførast. Etter vårt syn vert ikkje trafikktryggleiken for dei mjuke trafikantane langsmed fylkesvegen godt nok ivareteke slik vilkåra er utforma i vedtaket.

Statens vegvesen krev at avkøyringa skal vere stengt i tråd med reguleringsplan for Bergotunet, før igangsettingsløyve for tiltak på eigedomen vert gitt. Dette mellom anna for å hindre inn- og utkøyring i eksisterande avkøyrsla i byggeperioden. Fysisk utforming må vere nærast mogleg den regulerte løysinga i reguleringsplan for Bergotunet, ved at fortauet vert ført forbi avkøyrsla, og vert kopla på eksisterande fortau/venteareal ved busshaldeplassen. Kommunen bør i tillegg avgjere kva tiltak som må utførast på parkeringsarealet og ved utkøyring på Skintveitvegen.

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar. Det må sendast inn tekniske teikningar for tiltaket for å sikre at tilhøva for mellom anna mjuke trafikantar, kollektiv og drift vert ivareteke.

Konklusjon

Statens vegvesen klagar på vilkåra i UDU-sak 19/2017, og ber om at vilkåra for dispensasjonen vert endra.

Avkøyringa frå fylkesveg 564 må vere fysisk avstengt i tråd med reguleringsplan for Bergotunet, planID 125620110002, og fortauet skal først forbi den tidlegare avkøyrsla. Avkøyrsla må vere stengt før igangsettingsløyve for tiltak på eigedomen vert gitt.

Vegavdeling Hordaland

Med helsing

Olav Finne
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Byggmester Seim Sveinung AS, Urhaugvegen 23, 5936 MANGER
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Kjell og Unni Steen, Rosslandsvegen 1471, 5917 ROSSLAND